

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Voss

Søknad om opptak til vidaregåande skule i Normandie Frankrike

Skuleår:

NB: hugs òg å søke på www.vigo.no

Namn _____ Personnummer: _____

Adresse _____

Postnummer _____ Poststad _____

Mobil _____ E-postadresse _____

Dette skuleåret er eg elev ved _____

Eg har fransk 2 på vg 1 (set kryss) ja ___ nei ___

Det faglege opplegget i Frankrike er fastlagt innan Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (Økonomi og sosialkunnskap).

Innan Realfag vil du kunne få godkjent fylgjande fag etter bestått år i Frankrike: matematikk R1, kjem 1, fysikk 1 og biologi 1.

Innan Språk, samfunnsfag og økonomi vil du kunne få godkjent to av fylgjande fire fag etter bestått år i Frankrike: samfunnsøkonomi 1, økonomistyring, sosialkunnskap, sosiologi og sosialantropologi. I tillegg vil du få godkjent eit uspesifisert programfag, eller om du vel engelsk å det mest avanserte nivå, får du godkjent faget Engelsk 1. Du får òg godkjent matematikk R1.

Du må sjekke at den skulen du skal ta vg3 på har fag som gjev fordjuping mot faga du får godkjent frå Frankrike.

Om eg får plass ynskjer eg fylgjande franske programområde (set kryss):

Realfag _____ Økonomi og sosialkunnskap _____

Vedlegg til søknaden:

- Skriv om lag ei maskinskreven side på fransk, der du presenterer deg sjølv, kva bakgrunn du har, interessene dine og kvifor du søker.
- Kopi av terminkarakterane dine dette skuleåret

Dersom eg får plass i Frankrike, pliktar eg å

- fylgja reglementet til samarbeidsskulen i Frankrike og Vestland fylkeskommune
- retta meg etter instruksar frå lærarar ved samarbeidsskulen i Frankrike og Vestland fylkeskommune
- retta meg etter dei «husreglane» som skulen og vertsfamilien min i Frankrike set opp
- syna omsorg for medelevarane mine, både dei norske og dei franske
- gjera mitt beste for å vera ein god representant for Noreg i utlandet

Dato _____ Stad _____ Underskrift elev _____

Foreldre/føresette til _____ stadfestar med vår underskrift at dei opplysingane som er gjevne i denne søknaden er rette, og

- me/eg støttar søknaden
- me/eg er inneforstått med at Fylkesopplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune ikkje har noko ansvar for eleven sin personlege tryggleik og eigedelar under førebuingsskurset og påskekurset, på reiser og under opphaldet i Frankrike ut over det som er dekt av fylkeskommunen si forsikring
- me/eg er inneforstått med at Fylkesopplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune sitt ansvar for eleven er avgrensa til å gje han/ho det kurstilbodet som er fastsett av utvekslinga og samarbeidsskulen i Frankrike
- me/eg er inneforstått med at me må dekke alle utgifter for eleven det året han/ho oppheld seg i Frankrike. Me har sjølve ansvaret for å søkja om støtte frå Lånekassen og ev andre instansar
- me/eg er inneforstått med at eleven kan bli sendt heim for vår/mi rekning dersom han/ho ikkje rettar seg etter reglementet til skulen i Frankrike eller etter pålegg frå Vestland fylkeskommune
- me/eg er inneforstått med at eleven kan bli sendt heim for vår/mi rekning dersom han/ho gjer kriminelle handlingar

Dato _____ Stad _____

Underskrift foreldre/føresett _____